

Hovden: Tysdag 17.04

Kl. 17:30 - Brillebjørn på bondegården, norsk tale (Alle)

Kl. 19:30 - Rampage (-)


Bykle: Onsdag 18.04

Kl. 18:00 - Brillebjørn på bondegården, norsk tale (Alle)

Kl. 20:00 - Rampage (-)

Bykle: Onsdag 02.05

Kl. 20:00 - Avengers: Infinity War



For meir informasjon: www.bygdekinoen.no

Klippen Bykle

Møte med Hans Erik Haldorsen **sundag 15.april og 27.mai kl. 16:00**

Arrangør: Klippen pinsemenighet

Pensjonisttreff i Bykle kyrkje

Laurdag 14. april 2018, kl.14.00 i kyrkjekjellaren vert det treff for pensjonistar fødd i 1948 og før. Song, quiz og hygge! Matservering, kaffi og kaker. Påmelding til kyrkjekontoret på tlf. 977 84 706. Sei frå om du treng skyss.

Arrangør: Diakoniutvalet

Velkommen til møte i kyrkjekjellaren!

Fredag 13. og laurdag 14.april kl. 19.30. Søndag 15.april kl. 11.00. Tale av Henrik Hadberg. Kollekt

Arrangør: NLM

Middagsfellesskap i Bykle kyrkje

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren **tysdag 17. april**, og på menyen står laks med tilbehør.

Dette er siste middagen denne våren, men me startar opp igjen til hausten!

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,-/born gratis. Velkomen!

Arrangør: Soknediakonen

Trydal bedehus

Møte **20. april kl. 18:00**. Cyril Pedersen fortel om misjonsarbeide i Argentina. Turid og Karl Torstveit og Sigrid Bjørgum deltek med song og musikk. Kollekt og kveldsmat.

Arrangør: Trydal misjonslag

Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Bykle kyrkje - Sondag 8.april kl 11.00

Gudsteneste med Ungdomskonferansen og prest Ørjan Kronheim

Fjellgardane kyrkje - Sondag 15.april kl. 10.00

Gudsteneste med sokneprest Tom Martin Berntsen

Bykle kyrkje - Sondag 29. april kl. 19.00

Gudsteneste med sokneprest Tom Martin Berntsen

Bykle helseheim

Torsdag 12.april kl.12.00 - song og musikk ved organist Henrik West.

Torsdag 26.april kl.12.30 - andakt ved sokneprest Tom Martin Berntsen.

Torsdag 3.mai kl.12.00 - song og musikk ved organist Henrik West.

Konsertar i Kyrkja

Konsert med Haderslev Drengkor

Laurdag 7. april kl. 19.30 i Valle kyrkje. Gutane frå domkyrkja i Haderslev kjem att til Setesdal med dei flinkaste songarane og dirigenten, domorganist Henrik Skærbæk Jespersen. Korsong og orgelmusikk i ulike sjanger. Fri ent-ré. Kollekt.



Arrangør: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Kristin Minde på turne med nytt album «Hjerteslag»



I Hylestad kyrkje **fredag 13. april kl. 19.30**. Inngong 200 kr.

Arrangør: Artisten og kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad.

Orgelkonsert med Ivar Mæland

I Valle kyrkje **onsdag 18. april kl.**

19.30. Gratis inngong. Kollekt.



Arrangør: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad.



Foto: Marita S. Dalane

Ungdomens kulturmønstring

Laurdag 3. mars vart det arrangert UKM for Bykle, Valle og Bygland i Bykle samfunnshus. 36 deltakarar innan eit breitt spekter av kulturuttrykk sørga for eit flott arrangement. Fylgjande kom vidare til fylkesmønstringa i Arendal 27-28 april:

Vetle Tveiten Hoslemo [Bykle] – Stev

Pawel Jodlowski [Hovden] – Tuba solo

Tarjei Rysstad [Bykle] – biletkunst – 'Natur i tre og lerret'

The Friends Melody [Valle] – pop 'Vestlandet'

The People [Valle]- pop 'Rock, Paper, Scissors'

Svend Håkon Bøe [Valle]- kunsthåndverk 'Sølvring'

Oda von Krogh Alfstad frå Bykle vert med i nettredaksjonen under arrangementet i Arendal.

Kulturkafé

Om folk, fjell og identitet

Kulturkafé i **Bykle samfunnshus** **tysdag 8. mai kl. 18.00.**

Bykle barne- og ungdomsskule har ansvar for kafeen. Inntektene går til Plan-prosjektet dei er involvert i.

Ragnhild Bjåen driv Bjåen Fjellstove og Fjellgard. Ho er opptatt av å formidle lokal historie og naturkunnskap, og vil fortelje litt om dette, samt korleis det har vore med på å forme fjellgardingane.

Kjell Bitustøyl har skrive boka «Tamreindrifta i Setesdalsheiane», har kunnskap om mangt og mykje og er ein engasjerande foredragshaldar Han vil fortelje om likskap mellom fjellfolk og samisk kultur, litt om skihistorie og litt om gjetarhundar!

Arrangør: Kultur & fritid

Informasjon frå Byklaren

Frå og med mai utgåva skal *Byklaren* distribuerast slik at den er i postkassa seinast den 5. kvar månad. Fristen for innsending av stoff er den 15. månaden før utgåva kor du ønskjer informasjonen på trykk. **Frist for mai utgåva er 15. april.**

Byklaren kjem ut som følgjar i 2018:

Mai (frist 15.04), **juni** (frist 15.05), **juli/august** (frist 15.06), **september** (frist 15.08), **oktober** (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember** (frist 15.11)

OBS: ny e-post adresse for innsending av stoff.

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Bykle samfunnshus informerar:

Opningstider Bykle samfunnshus / Bykle folkebibliotek

F.o.m. 3. april (rett etter Påske), blir opningstidene våre mandag-onsdag forskjøve ein time fram.

Nye opningstider: mandag, tysdag og onsdag kl. 14.- 19, torsdag kl. 15.- 17. (uendra).

Toalett/garderobar ved bruk av treningsrom

Naturleg nok, etterlyser folk tilgong til toalett/gard. når dei brukar styrkeromet på samfunnshuset.

Vi har tidlegare vore plaga med hærværk – og garderobane har blitt bruka som opphaldsplass kveldstid. Vi vel imidlertid å prøve igjen, om vi kan klare å halde ope utan at nokon ødelegg noko. Det forutset at «alle gode krefter» hjelper oss å passe på at garderobane blir brukt til det dei skal og at ingenting blir øydelagt.

F.o.m. 3. april, vil vi ha **opne toalett/garderobar frå kl. 15.15** måndag til fredag så lenge ordninga fungerer godt.

NB: Skulen disponerar toalett og garderobar fram til dette tidspunktet!



Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 16.04. kl. 18:00

Formannskapet: 17.04. kl. 18:00

Kommunestyret: 26.04. kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

Tømekalender

Rest- og matavfall: 11. april

Matavfall, glas/metall, papir og plast: 25. april

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddetalsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun

Ring 37885588 for timeavtale



Informasjon frå ungdomsarbeidar

Jr-Shadow:

18. april på Grendehuset på Hovden 1800-2030.

Dansing med Filippa på Grendehuset:

18. april på Grendehuset på Hovden 1730-1850.

Shadow:

20. april på Grendehuset på Hovden 1900-2200.

Kunstkveldar med Tove Hertzberg:

16., 17., 23. og 24. april. På Fjellgardane skule frå 1730-1900

kvar gong. Frå og med 4. klasse. Føresatte kan óg delta.

Kurskveldane er gratis for deltakarane.

Oppussing i Bykle:

Arbeidet er begynt og vi håper at lokalet vårt er klart til bruk

i slutten av april. Då vil det óg bli klubbkveldar i Bykle igjen.

Kor finn eg informasjon om det som skjer?

Følg med på vår Facebookside «Ungdomsarbeid i Bykle og

på Hovden» for løpande informasjon. Det blir og sent ut

SMS til foreldre om diverse arrangement.

Ta kontakt med ungdomsarbeidar Harald von Krogh Alfstad

om du lurar på noe. Tlf 917 18 300

Vårsongkveld i Skafsåheii fjellkyrkje

Vi får besøk av «Vangsgutane» frå Vinje **fredag**

27. april kl. 19:00. Dei vil akkompagnere til

allsongane, men også framføre egne songar.

Det vert enkel servering!

Velkomen til ein kveld med mykje song og musikk, der vi vil

prise våren!

Arr: Fjellkyrkjelaget



5.-7. Klasse ved Fjellgardane skule presenterer musikalen

ROCK AND ROLL FOREVER



Hovden grendehus

20.april kl 18.00

Billetter hentast på grendehuset (gratis)

Norsk krimlitteraturhistorie 1839-2017



Hans Olav Lahlum er historiker, krimforfatter, sjakkspiller og biograf. I tillegg kan han skilte med verdsrekord som intervjuobjekt. Intervjuet med Lahlum på VGTV i 2013 varte i 30 timer, 1 minutt og 44 sekunder. Lahlum har med andre ord snakketøyet i orden og alt ligg til rette for eit engasjerande og morosamt foredrag når han skal snakke om eit av favoritttemna sine; «norsk krimlitteraturhistorie 1839-2017».

Bykle samfunnshus, kinosalen.

Måndag **9.april kl. 18.00.**

Gratis inngang!

Arrangør: Biblioteket og Folkeakademiet

Bykle og Hovden teaterlag

Lyst å være med på årets revy?

Vi trenger skuespillere og musikere.

Alle er velkomne (helst fylt 18år).

Om du har ideer til tekster så treffes vi

fredag 13 april for ideutveksling!

Foreløpige datoer er:

1. Øvingshelg 14-16 september i uke 37

2. Øvingshelg 12-14 oktober i uke 41

3. Øvingshelg 26-28 oktober i uke 43

Øvingsuke 29.10 - 1.11 uke 44



Premiere 2.11, 2. forestilling 3.11, 3. forestilling 9.11 og siste forestilling 10.11.

Ta kontakt med styret som er:

Else Gyro Rysstad, Anna Lise Væting, Erik Hanssen, Anne Karin Blix Grimestad og Jorunn Andersen.

Vi er og på facebook!

Boksirkel

Boksirkel på biblioteket (Hovden grendehus)

onsdag 4/4 kl. 19-20. Månadens bok er

Maestro av Geir Tangen. Les gjerne boka og

kom ☺

Arrangør: Biblioteket



Nytt utlånssystem for e-bøker!

Biblioteket har teke i bruk eBokBib, som er eit system som kan brukast på einingar som bruker Android og iOS. For å låne bøker må ein ha nasjonalt lånekort og PIN-kode (ta kontakt viss du ikkje har det).

- Last ned appen eBokBib
- Logg inn
- Les bok

Frametter vil det og kome ein del lydbøker.

God bok!

Velkomen til Setesdalskonferansen på Hovden 12. - 13. april 2018

TEMA: Med liv & lyst!



SETESDALSKONFERANSEN er ei årvisst samling for leiarar i private verksemdar i Setesdal. Målet med konferansen er å få fagleg påfyll og bygge nettverk på ein uformell arena for tettare samarbeid mellom privat næringsliv, kommune og offentleg tiltaksapparat.

For nærare informasjon og påmelding:

www.setesdalskonferansen.no

Setesdals
konferansen

SETESDAL REGIONRÅD

Opprett digital postkasse!

Mange innbyggjarar i Bykle kommune har enda ikkje teke i bruk digital postkasse. No startar kommunen ein kampanje for å få fleire til å ta imot digital post frå kommunen.

Slik skaffar du deg digital postkasse: Gå inn på norge.no

⇒ Vel «Digital postkasse»

⇒ Finn fram den elektroniske ID-en din (e-ID), for eksempel din BankID

⇒ Vel enten Digipost eller e-Boks

Følg instruksjonane for å opprette postkasse.



Interkommunal ruskoordinator

Er du pårørende til noen som sliter med rus eller avhengighet? Du er velkommen til å ta kontakt med ruskoordinator enten du lurar på noe konkret, ønsker å diskutere situasjonen eller bare å få ut din frustrasjon. Ofte er det til stor hjelp bare det å ha noen å snakke med eller få undervisning om situasjonen.

Merete Almås, interkommunal ruskoordinator

M 957 95 194 E merete.almas@e-h.kommune.no

LMT SETESDAL

LOKALMEDISINSKE TJENESTER



Legat etter Gyro og Knut Hovden

Skuleungdom i Bykle, Valle og Bygland med minimum 6 mnd. Skulegong, kan søkje om legat for skuleåret 17/18.

Slektningar inntil 3. ledd har førsteretten til legatet.

Søkjjarar som meiner dei kjem inn under dette punktet, må ta dette med i søknaden.

Søknad sendast til:

Bykle kommune, Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

eller

postmottak@bykle.kommune.no

Frist: 1. mai